



- samarbeid om skuleutvikling mellom kommunane Gjesdal, Hå, Klepp og

# Utviklingsplan skuleåret 2019-2020

## *Ogna skule*

[Kven er me?](#)

[Mål for 2019-2020](#)

[Analyse](#)

[Mål og tiltak 2018-2019](#)

[Organisasjon](#)

[Leiing](#)

[Profesjonsutvikling/lærarsamarbeid](#)

[Grunnleggjande læringsprosessar](#)

[Eleven si læring og utvikling](#)

[Nasjonale prøvar 5. trinn](#)

[Nasjonale prøvar 8. trinn](#)

[Nasjonale prøvar 9. trinn](#)

[Skriftleg eksamen 10. trinn](#)

[Grunnskulepoeng](#)

[Elevundersøkinga 7. trinn](#)

[Elevundersøkinga 10. trinn](#)

[Mål og tiltak 2019-2020](#)

## 1. Kven er me?

Ogna skule er ein kombinert barne- og ungdomsskule som ligg sentralt plassert på Ogna. Rett i nærleiken finn me òg butikk, kyrkje, idrettshall med kunstgrasbane, bedehus og bensinstasjon. Skulen ligg midt i ei naturperle omgitt av flotte sandstrender, Ognaelva, skog og fjell. Vi flytta inn i ny, flott skule i januar 2018. Skulen inneheld blant anna kantine med fast tilsett kokk, eigen helsestasjon, folkebibliotek og eit amfi som kan samle heile skulen.

Frå skuleåret 2018/2019 er Ogna skule også praksisskule for Universitetet i Stavanger. Det betyr at me tek imot grupper av studentar som skal læra praksisfeltet å kjenna. Allereie etter eitt år ser me at dette har positive ringverknader. Skulen har fått positive tilbakemeldingar frå studentane og rettleiarane frå UiS som har vore her. Dette håpar me også vil gje positive ringverknader når det gjeld rekruttering av lærarar til skulen i framtida.

Skuleåret 2018/2019 har skulen 249 elevar og 40 tilsette.

## 2. Mål for 2019-2020

Ogna skule sin visjon er «Ogna skule – **ein plass for deg**» med grunnmuren «eit godt læringsmiljø, tryggleik, fellesskap og respekt.»



Hå kommune sin visjon er «Me løfter i lag» og med dei tre verdiane open, driftig og stolt.



Undervisning i Hå-skulen skal gå føre seg etter forskingbaserte prinsipp om korleis barn og unge tileignar seg kunnskap og dugleikar. Dette skal me få til med **å løfta i lag**.

**Mål 1:** *Elevundersøkinga viser frå og med hausten 2020 at elevane på Oгна skule i aukande grad gler seg til å gå på skulen, likar skulearbeid og har lyst til å læra.*

Elevmotivasjonen på Oгна skule er ikkje tilfredsstillande, så dette målet må førast vidare.

**Mål 2:** *Opplæringa på Oгна skule skal vera i tråd med ny læreplan frå og med hausten 2020.*

For å vera klar til å ta i bruk ny læreplan hausten 2020 skal Oгна skule førebu seg i 2019-2020.

Digitalisering følgjer med ny læreplan, og det får følgjer for mål og innhald i fag, val av metodar og læremiddel.

### 3. Analyse

#### a. Mål og tiltak 2018-2019


Ogna skule sine utviklingsmål for 2018-2019 har vore:

1. Målet for arbeidet med lesing på Ogna skule er at prestasjonsnivået til elevane skal liggje på eller over landsgjennomsnittet, og at talet på elevar som ligg på lågaste meistringsnivå skal vise nedgang over tid.
2. Målet for arbeidet med motivasjon på Ogna skule er at resultatet på elevundersøkinga skal liggje på eller over landsgjennomsnittet.

#### Lesing

Når det gjeld lesing, så viser kartleggingsprøvar og nasjonale prøvar at både 1.-3. trinn, 5. trinn og 9. trinn ligg på eller over landsgjennomsnittet. 8. trinn ligg enno noko under landsgjennomsnittet. Det har vore spesielt gledeleg med den positive utviklinga som har vore på 1.-4. trinn.

Lesing - fordeling på mestringsnivåer



### **Tiltak 1 - Bruk av analyseverktøy etter kartleggingar og nasjonale prøvar**

Tidspunkt for dei ulike analysane ligg i årshjulet til skulen. Oppfølginga frå leseutviklar viser at lærarane no bruker analysane til å finne status og vidare tiltak i klassane sine.

Evalueringa viser at dette no er rutine, samtidig som det ligg i årshjulet.

### **Tiltak 2 - Aktiv bruk av SOL i undervisninga**

Soling ligg og inne i årshjulet for alle klassetrinn. Leseutviklar har vore med dei ulike laga for å halde oppe vedvarande fokus på SOL, og ho har også rettleia enkeltlærarar etter behov.

Evalueringa viser at dette vert gjennomført i klassane, samtidig som det ligg i årshjulet.

### **Tiltak 3 - Språkløyper**

Progresjonen i kompetansehevinga ligg fast i årshjulet. Denne vert følgd på dei ulike laga gjennom skuleåret. Evalueringa viser at dette i hovudsak er følgd.

### **Tiltak 4 - Intensive lesekurs minst to gonger i året**

Evalueringa viser at dette vert gjennomført på alle hovudtrinn.

Lesekurser ligg også i årshjulet til skulen.

### **Tiltak 5 - Elevmedverknad for å auke eigarforholdet til biblioteket**

Lage årsplan for utstillingar og aktivitetar i biblioteket der elevane bidreg. Me har hatt eigne bibliotekassistentar frå 7. trinn som har hatt faste oppgåver kvar veke.

Evalueringa viser at ved å involvere elevane meir i arbeid og aktivitetar på biblioteket, så vert dei meir medvitne i bruken av det. Elevane har også gitt positive tilbakemeldingar om oppgåva med å vera bibliotekassistent.


### **Tiltak 6 - Lesing i alle fag - aktiv bruk av læreveenn og lydbøker i fag**

Evalueringa viser at dette er tema på lagmøta med jamlege mellomrom. Leseutviklar har også følgd opp dei enkelte lærarane og vore med på lagmøte for å høyre korleis dette vert gjennomført.

### **Motivasjon**

Når det gjeld motivasjon, så viser elevundersøkinga at resultatet ligg godt under landsgjennomsnittet, og at trenden er negativ.

■ 2014-15 ■ 2015-16 ■ 2016-17 ■ 2017-18 ■ 2018-19



### **Tiltak 1 - PRUV - Planlegge undervisning på laga og i faggrupper. Utviding av arbeidslivsfag**

Undersøking i vår blant elevane på ungdomstrinnet viser at motivasjonen har auka. Evaluering viser også at lærarane har blitt flinkare til å PRUVA undervisninga (Praktisk, Relevant, Utfordrande, Variert og Aktiv undervisning).

### **Tiltak 2 - Gleding**

Glededagen med Siri Abrahamsen for elevar, føresette og tilsette vart ein suksess. Dette viser tilbakemeldingar frå både elevane, dei tilsette og FAU. Omgrepet “Jillt å sjå dæg” er innarbeidd hjå alle elevar og tilsette.

Gleding er tema i klassane kvar veke. Stadfesta i sosialt årshjul til skulen.

### **Tiltak 3 - Bygdadag i samarbeid med lag og organisasjonar**

Hå kommune er med i “Partnerskap mot mobbing” og Oгна skule har valt å vera med på Bygdadagen saman med barnehagane og alle lag og organisasjonar i bygda for å visa at me står saman mot mobbing på alle arenaer.

Evaluering i FAU, personalet og elevråd viser at dette er eit positivt tiltak i arbeidet mot mobbing.

#### **Tiltak 4 - Introduisering av styrkebasert leiing**

Leinga har introdusert styrkekort i heile personalet for å gjera alle medvitne sine styrkar for å kunne gjera ein best mogleg jobb ute blant elevane. Tilbakemeldingane frå kollegaer vart ei sterk oppleving for mange. Evalueringa viser at me kan bruke dette endå meir ut til elevane.

### **b. Organisasjon**

#### **Analyse/eigenvurdering**

I analysen har me no nytta felles modell for Jærskulen. Me håpar og trur at det vil føre til at utviklingsplanen heng endå betre saman enn tidlegare.

#### **Strategisk bruk av ressursar**

Me har erfart at tilsetjing av leseutviklar har medverka til den positive utviklinga i leseresultata. Komande skuleår vil ho ha ekstra merksemd mot mellomsteget. Me er og medvitne korleis me fordelar arbeidsoppgåver blant lærarane.

#### **Rekruttering**

Me har god dekning med fagutdanna lærar med unntak av engelsk på barnesteget. Gjennom kompetanse for kvalitet vil engelsk bli prioritert dei neste åra.

#### **Reglar, rutinar og standardar**

Skulen har felles reglar, rutinar og standardar. Desse er i stor grad implementerte.

Elles ligg det eit stort potensiale ved bruk av dei digitale løysingane G-Suite og Canvas.

#### **Samarbeid med andre**

Nettverksgruppa vår i Jærskulen fungerer godt. Me ønskjer endå meir samarbeid ut på lærarnivå.

Elles har skulen eit godt samarbeid med barnevern, PPT og skulehelsetenesta

### **c. Leiing**

#### **Leia lærarane si læring og utvikling**



Utvikling i fellestida skjer gjennom medskaping som hovudarbeidsmåte. IGP er ein sentral metode.

### **Forsikre seg om kvaliteten på undervisninga som vert gitt**

Me har starta med pedagogisk vandring på tre klassetrinn i vår. Frå hausten skal dette gjennomførast på alle klassetrinn.

Lesson study har vore gjennomført fleire rundar.

### **Sikra eit velordna og trygt læringsmiljø**

Me har mange vaksne ute blant elevane i friminutta. Alle har ansvar for at ingen elevar går aleine, og at ingen vert utsett for plaging og mobbing.

Skulen har ein eigen handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø som skal bidra til dette. Frå januar 2020 skal Ogn skule vera med i den nasjonale satsinga "Inkluderande barnehage- og skulemiljø". Dette vil vera kompetanseheving for personalet vårt om mobbing og andre krenkingar. Det blir og spennande å ha samlingar og jobbe i nettverk med andre barnehagar og skular i kommunen.

Elles har skulen ei eiga undersøking kvar veke blant alle elevane om mobbing.

Elevundersøkinga og eigne undersøkingar viser nedgang i mobbetala. Men tala må ned mot null, og for å få det til må alle tilsette vera tett på elevane kvar dag heile året. Elles må tiltaka i handlingsplan og årshjul følgjast for å førebyggja uønska tilstandar.

## **d. Profesjonsutvikling/lærarsamarbeid**

Skulen legg til rette for at lærarar og lagleiar skal kunne ta vidareutdanning. Av våre tre lagleiarar er det ein som vert ferdig med rektorskulen hausten 2019, medan dei to andre startar opp komande haust.

Me har årsplan for PU-tida, som er 1,25 t/v. Planen inkluderer god tid til utviklingsorienterte økter rundt skulen sine satsingsområde.

Førebuingsmateriell vert gitt i god tid.

Me har elles eit godt system for rettleiing av nytilsette

Laga har trinn- og lagtid tilsvarande PU-tid. Her vert det gjort utfyllande arbeid i høve satsingsområde som er gjort i PU-tida.

Me ønskjer fleire lærarnettverk for å styrka eit lite fagmiljø

Leiinga ønskjer gjennom pedagogisk vandring og individuell oppfølging å vera i stand til å rettleia den enkelte lærar på ein tilfredsstillande måte.

## **e. Grunnleggjande læringsprosessar**

Dei fleste lærarane våre er flinke på tilpassing, det å gje elevane passe utfordringar. Me ser at det framleis kan variera noko frå lærar til lærar

kor godt dei lukkast på dette området.

Når det gjeld medverknad hjå elevane i høve innhald, vurdering og avgjerdslar, viser elevundersøkinga ei positiv utvikling.

Lærevekker som arbeider saman og vurderer kvarandre er implementert som arbeidsform på skulen.

Dei fleste lærarane våre har ein god autoritativ praksis. Gjennom pedagogisk vandring er målet vårt å auke kvaliteten på undervisninga endå meir hjå lærarane.

## **f. Eleven si læring og utvikling**

### **Prestasjonar i lesing og rekning på 1., 2. og 3. trinn**

Gjennom kartleggingsprøvene til Udir har me oversikt over korleis elevane presterer i lesing, rekning og engelsk. I 2018-2019 ligg me over nasjonalt snitt i lesing. Det betyr at me har færre elevar under bekymringsgrensa enn gjennomsnittet nasjonalt. Dette er ei positiv og gledeleg utvikling.

### **Nasjonale prøvar 5. trinn**

Hausten 2018 låg 5. trinn over nasjonalt gjennomsnittsnivå i rekning (53 poeng), over nasjonalt gjennomsnitt i lesing (51 poeng) og litt under i engelsk (49 poeng). Me gler oss spesielt over framgangen i lesing, men også resultatet i rekning er veldig bra.

### **Nasjonale prøvar 8. trinn**

Hausten 2018 vart resultatata på alle prøvane under nasjonalt gjennomsnitt: Lesing (44 poeng), engelsk (47 poeng) og rekning (49 poeng). Over tid er resultatata stabilt under nasjonalt gjennomsnittsnivå.

### **Nasjonale prøvar 9. trinn**

Hausten 2018 vart resultatet i lesing 53 poeng. Det er på nasjonalt gjennomsnittsnivå. Resultatet i rekning var 53 poeng. Det er eitt poeng under nasjonalt gjennomsnittsnivå. Me ser at me klarer å løfte elevane frå 8. til 9. trinn. Det er positivt og ein trend me har sett over tid.

### **Skriftleg eksamen 10. trinn**

Eksamensresultata for Ognaskule våren 2019 var over nasjonalt nivå i matematikk. Resultatet blei 3,7, medan landssnittet var 3,6. Me har over tid vore på eller over gjennomsnittsnivå nasjonalt i matematikk, men under i engelsk og norsk.

### **Grunnskulepoeng**

Grunnskulepoeng er ein samla poengsum rekna ut frå alle standpunkt- og eksamenskarakterane på vitnemålet, og dannar grunnlag for opptak til vidaregåande skule. På Ognaskule var grunnskulepoenga våren 2018 langt under det nasjonale gjennomsnittet. Året før var me godt over nasjonalt snitt. Det er vanskeleg å sjå nokon klar trend, men

variasjonen frå år til år ser ut til å vera for stor.

### **Elevundersøkinga 7. trinn**

Me ser eit variabelt resultat for 7. trinnet på Oгна skule i 2018. Dette gjeld og resultatata over tid. Mobbetalet ligg over nasjonalt gjennomsnittsnivå, men me ser ei positiv utvikling over tid.

### **Elevundersøkinga 10. trinn**

Me kan sjå framgang i elevundersøkinga for 10. trinn i 2018. Me skårar langt over nasjonalt snitt på vurdering for læring, støtte frå lærarane, utdanning og yrkesveiledning, fagleg utfordring, læringskultur og elevdemokrati og medverknad, men framleis skårar me lågt på trivsel og motivasjon. Mobbetalet viser ei positiv utvikling, og ligg på nasjonalt gjennomsnittsnivå.

## **4. Mål og tiltak 2019-2020**

Effekt mål	Delmål/prosessmål/tiltak	Suksesskriterie	Evaluering
<i>Elevundersøkinga viser frå og med hausten 2020 at elevane på Oгна skule i aukande grad gler seg til å gå på skulen, likar skulearbeid og har lyst til å læra.</i>	Valfag på 5.-7. trinn	Utprøving av ulike valfag skuleåret 2019.20	Elevane evaluerer ordninga etter eitt år
	Relevant og meiningsfullt lærestoff	Elevane vert møtt med høge og realistiske forventningar	Elevundersøkinga
	Utviding av arbeidslivsfag på u-trinnet	Fleire fagområde slik at alle elevane kan gjera meiningsfulle val.	Elevar og lærarar evaluerer nye fag
	PRUVA (Praktisk, relevant, utfordrande, variert og aktiv undervisning)	Pedagogisk vandring Rektor og lagleiarar gjennomfører i alle klassar etter eige oppsett i årshjul	Oppfølgingssamtalar etter vandringar. Lærarane får tilbakemelding på eigen undervisningspraksis gjennom skuleåret

<p><i>Opplæringa på Ogna skule skal vera i tråd med ny læreplan frå og med hausten 2020.</i></p>	<p>Bruk av støttemateriell som er tilgjengelig på <a href="http://www.udir.no">www.udir.no</a></p> <p>Lærande prosessar i PU-tida</p> <p>Utvikla lærarane sin digitale undervisningskompetanse</p>	<p>Me tek i bruk det som er tilgjengeleg i løpet av hausten 2019, og den nettbaserte kompetansepakken i løpet av våren 2020.</p> <p>Utnytte kompetanse som me har tilgang til i Jærskulen og ved Universitetet i Stavanger.</p> <p>To kommunale ressurspersonar støttar skulen i våre lokale prosessar, i tillegg til kommunale lærarsamlingar. Skulen sine ressurspersonar vil også være sentrale i utviklinga av lærarane sin PfdK.</p>	<p>Skuloppfølgingsmøter hausten 2019 og våren 2020.</p> <p>Evaluering kvart halvår i personalet.</p> <p>Evaluering kvart halvår i personalet.</p>
--	--	---	---